

**Organisasjonsnummer:** 960510542  
**Foretaksnavn:** Voss kommune  
**Navn:** Gunnar Bergo  
**Kontonummer:** 32014670954  
**Adresse:** Pb. 145,  
**Postnr.:** 5701 Voss  
**Mobiltelefon:** 99207112  
**E-post:** gunnar.bergo@voss.kommune.no

**Flere søkere:** Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, 938 626 367, Henrik Løseth Jansen, henrik.loseth.jansen@hfk.no, 92080465.

**Mottaker:** Miljødirektoratet  
**Kopimottaker:** Fylkesmannen i Hordaland

---

SØKNAD

REFERANSENØR.: 18S828E8

---

## Biogassanlegg på Voss

**Type tiltak:** Forprosjekter for klimagassreducerende tiltak

### Hva skal prosjekteres?

Prosjekt mål:

Prosjektet Biogassanlegg på Voss har til hensikt å konkretisera tidlegare utførte kartlegging og forprosjekt om etablering av eit biogassanlegg tilstrekkeleg til å få eit beslutningsgrunnlag.

Voss kommune igangsette i april 2016 eit «Forprosjekt for etablering av biogassanlegg basert på organiske produkt». I dette forprosjektet vart det sett nærare på dei resurssane som ligg i husdyrgjødsel, matavfall og kloakslam. Det vart konkludert med at det er muleg å få til eit biogassanlegg i kommunen basert på 2 parallelle liner; ei for matavfall og husdyrgjødsel og ei for slam.

Prosjektet skal gje beslutningstakarar nok informasjon til å kunne ta ei godt fundert beslutning om ei eventuell investering. For å kunne gjera ei god vurdering må det m.a. seiast noko om følgjande tema:

- Plan for verdistraumar: Korleis sikra stabil tilgang på råstoff og korleis sikra optimal utnytting av biogassen og bioresten.
- Utredda ulike tekniske løysningar. Storleik på anlegg må vera tilpassa lokale rammebetingelsar.
- Effekt på jordsmonn ved bruk av biorest.
- Økonomisk kalkyle som inkluderer finansiering og drift
- Lokasjon og eigarskap

### Beskriv hvorfor dette tiltaket er et utslippsreducerende tiltak kommunen ønsker å arbeide videre med:

Eit biogassbehandling av husdyrgjødsel gjev god reduksjon av klimagassen metan frå lagring og gjødsling samtidig som biogass kan erstatte fossilt drivstoff i transportsektoren. Samtidig ser ein at bioresten frå biogassanlegg er eit viktig alternativ til kunstgjødsel. Bruk av biorest vil kunne redusere utslipp av lystgass

som har ein klimafaktor på 300. Voss er ein stor landbrukskommune og nest etter transportsektoren er det landbruket som gjev den største klimagasspåverknaden i Voss Kommune. Voss kommune har vidare eit avfallsanlegg som innhentar matavfall frå 6 nabokommunar og eit sentralt høgverdig renseanlegg for kloakk.

### Hvordan er søknaden politisk forankret?

Etter forprosjektet har Voss Kommune sin energi og klimaplan vorte rullert og vedteken av Voss kommunestyre. I denne planen er eit biogassanlegg på Voss eit av dei prioriterte tiltaka i handlingsdelen.

Hordaland fylkeskommune vedtok 07.12.2017 «biogasstrategi for Hordaland». Hovudmål for strategien er å utnytte lokalt tilgjengelege organiske restråstoff lønsamt og klimavenleg, og derved erstatte fossil energibruk. For fylkeskommunen er samarbeid med kommunar og andre aktørar i fylket viktig for å realisere målsettingane i biogasstrategien, og fylkeskommunen stiller seg difor bak initiativet frå Voss kommune og Indre Hardanger Miljøverk. Erfaringane frå prosjektet vil vere viktig for kompetanseheving i fylkeskommunen og deltaking frå fylkeskommunen i prosjektet er difor prioritert, i tillegg til verdien av å kunne vidareformidle funn til andre kommunar.

## Gjennomføring

### Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Oppstart mai 2018.

Avslutta med rapport ; august 2019

### Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Framdriftsplan:

Arbeid med finansiering Februar 2018

Tilsetning prosjektmedarbeidar Mai 2018

Prosjektperiode aug 2018 til aug 2019

Prosjektet vil bli styrt av ei eige styringsgruppe ( jf. prosjektvedlegg) og prosjektleder vil vera driftsjef Gunnar Bråten ved IHM.

### Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

For å kunne få fram eit fullgodt beslutningsgrunnlag er det m.a. behov for nærare analysar av kvalitet, mengder og tilgang til dei ulike ressursane. Tekniske løysingar, kostnader og bruk av biogass og biorest må ugreiast nærare. Dette vil kreve ein omfattande arbeidsinnsats. For å kunne gjennomføre prosjektet på ein fullgod måte vil derfor økonomisk støtte vera utløysande for prosjektet.

## Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Personalkost prosjektmedarbeidar	900 000
Personalkost prosjektleder	150 000
Reise og studietur	50 000
<b>Total sum</b>	<b>1 100 000</b>

## Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	1 100 000
- Andre offentlige tilskudd	300 000
- Annen finansiering	0
- Egne midler	550 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	250 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja  
Redusert omfang med fare for utilstrekkeleg beslutningsgrunnlag

## Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei


Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Ja


Oppgi type midler, beløp og vilkår:


Vi søker om skjønnsmidlar hjå Fylkesmannen i Hordaland, men ikkje fått svar enno

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

## Vedlegg

 Prosjektplan Biogass på Voss, 14.02.2018.docx (Prosjektbeskrivelse)

 RAPPORT Biogass på Voss 300317 369308\_.pdf (Annet)

 kartlegging biogass 2011.pdf (Annet)

**Merknad:**

Vedlagt tillegare utgreiingar om biogass

[sign] **Gunnar Bergo** for Voss kommune

---

Levert 14.02.2018